

**Zeitschrift:** Beiträge zur nordischen Philologie  
**Herausgeber:** Schweizerische Gesellschaft für Skandinavische Studien  
**Band:** 59 (2017)

**Artikel:** Om øuktliki og hærliki : to kapitler om vanskapte born i Eldre Eidsivatingsløv  
**Autor:** Mundal, Else  
**DOI:** <https://doi.org/10.5169/seals-858088>

### **Nutzungsbedingungen**

Die ETH-Bibliothek ist die Anbieterin der digitalisierten Zeitschriften auf E-Periodica. Sie besitzt keine Urheberrechte an den Zeitschriften und ist nicht verantwortlich für deren Inhalte. Die Rechte liegen in der Regel bei den Herausgebern beziehungsweise den externen Rechteinhabern. Das Veröffentlichen von Bildern in Print- und Online-Publikationen sowie auf Social Media-Kanälen oder Webseiten ist nur mit vorheriger Genehmigung der Rechteinhaber erlaubt. [Mehr erfahren](#)

### **Conditions d'utilisation**

L'ETH Library est le fournisseur des revues numérisées. Elle ne détient aucun droit d'auteur sur les revues et n'est pas responsable de leur contenu. En règle générale, les droits sont détenus par les éditeurs ou les détenteurs de droits externes. La reproduction d'images dans des publications imprimées ou en ligne ainsi que sur des canaux de médias sociaux ou des sites web n'est autorisée qu'avec l'accord préalable des détenteurs des droits. [En savoir plus](#)

### **Terms of use**

The ETH Library is the provider of the digitised journals. It does not own any copyrights to the journals and is not responsible for their content. The rights usually lie with the publishers or the external rights holders. Publishing images in print and online publications, as well as on social media channels or websites, is only permitted with the prior consent of the rights holders. [Find out more](#)

**Download PDF:** 04.04.2026

**ETH-Bibliothek Zürich, E-Periodica, <https://www.e-periodica.ch>**

## Om øuktliki og hærliki

### To kapittel om vanskapte born i Eldre Eidsivatingslov

ELSE MUNDAL (BERGEN)

Dei aktuelle lovtekstene står som kap. 5 og 6 i begge dei to variantane av Eldre Eidsivatingslov som er prenta i *Norges gamle Love (NgL)* 1. Sitert etter Eldre Eidsivatingslov I (trykt etter AM 68 qv) lyder kap. 5 og 6 som følgjer:

#### 5) Vm øukt liki

*En ef sua bers at. at barn er með orkymblum alet. ero kaluar a bæinum framan. eða augu i nacka aftan. oc afgu liki alen. oc hafa þau mannz houuð oc manns raust.<sup>1</sup> þau skal ala oc til kirkiu færa. oc skira oc fæða siðan. oc færa a funnd bispups. oc syna honum barnet. oc gera siðan sem hann læggr rað til.*

#### 6) Vm hærliki

*En ef þat barn uærðr alet er hærliki er a. hefer æigi mannz hofuð oc æigi mannz raust. þa ma færa til kirkiu. ef syniz. oc lata prest skira. ef hann uil. oc grafa grof i kirkiu garðe. oc læggia þar barnet i. oc læggia þar iuir hællu. sem bazst. sua at huarke nae hunndar ne rafnar. oc lata þo æi iorð a falla. fyr en daut er oc lata lifa sua længi sem ma.*

#### Om bakvendskapnad

*Men om så ber til at eit barn er fødd med vanskapnad, kalvbota er framme på beina eller augo bak i nakken, og dei er fødde med bakvendskapnad, men dei har menneskehovud og menneskerøyst, då skal dei få leve og ein skal føre dei til kyrkje og døype dei, og sidan skal dei fødast opp, og dei skal føre barnet til møte med biskopen og syne han det, og gjere sidan som han gjev råd til.*

#### Om hærliki

*Men om det barnet vert fødd som har hærliki, som ikkje har menneskehovud eller menneskerøyst, då kan ein føre det til kyrkje, om ein så synest, og la presten døype det, om han vil, og grave ei grav på kyrkjegarden og leggje barnet i den, og*

---

<sup>1</sup> Eldre Eidsivatingslov, resensjon II, har i kap. 5 i staden for teksta *oc hafa þau mannz houuð oc manns raust: ok hefuer hundz hafuut. ok manz raust.* Denne teksta er truleg resultat av samanblanding med teksta i Borgartingslov. Hundehovud og menneskerøyst finst ikkje kombinert i noka anna lov, og hundehovud burde, når ein samanliknar med andre lover, føre til at dåp vart nekta, noko som ikkje er tilfelle i Eldre Eidsivatingslov, resensjon II. Dette indikerer at resensjon I har ei meir opphavleg tekst.

tona er ner [fengzor hennar.<sup>1</sup> þa skal hon syna þat .ij. talmannum at [þa se barn<sup>2</sup> huarle blat ne blodegt oc ægi drægill at halse dregen oc æi<sup>3</sup> se hennar handa uert<sup>4</sup> a. <sup>5</sup>En<sup>6</sup> ez hon gerer æi sua. þa ma biscup eda<sup>7</sup> armadr kemma henne mord heidit. hon skal þess synia mæd lyrittar æidi. mæd zrialsum tonom .ij.<sup>8</sup> [oc þar stulu menn uera æida uannðer.<sup>9</sup> sua at menn uiti. at þeir uilia<sup>10</sup> i sannum æidum uera stadder eda uitniðurdum. En ez hon zællz at. þa zællr henne til iarnburdar. uerðr hon<sup>11</sup> æi stír at iarne. þa er hon utlæg. oc skal biscup scrixta henne af lannde brot.<sup>12</sup> oc skal hon sua længi bruttu uera. sem hann<sup>13</sup> scrixtar henne.<sup>14</sup> En ez hon tómr ætz i lannd. oc uil hon i lannde uera. þa skal hon giallda biscupi. .iiij. mætr. en tononge [halzt manz gilldi.<sup>15</sup> oc hæitir þat heidins manz<sup>16</sup> giokð.

Um hiuna hien.<sup>17</sup>

- 4 En kann oc sua<sup>18</sup> at beraz at hion .ij. zara<sup>19</sup> mæd barne sino til [kirliu at stira.<sup>20</sup> ziri þui at þau haya æi annara manna loft. ziri manzæðezs saler. oc sofer sua miot sot a leid at þui barne. at æi ma na preste. [oc ængum<sup>21</sup> adrum mannum. þa stulu þau stira stolz mæd þeim hætte er zyr [er sagt.<sup>22</sup> hældr en heidit doy. oc<sup>23</sup> þyrmaz uid hiunskap. þar til. er þau zinna<sup>24</sup> biscup. oc ma<sup>25</sup> hann þa<sup>26</sup> loza þeim hiunskap en æi stilia.<sup>27</sup>

Um oukt<sup>28</sup> liki.<sup>29</sup>

- 5 En ez sua bers at. at barn er mæd orlymblium alet. ero saluar a bæinum zraman. eda augu i nadda æxtan. oc<sup>30</sup> æzgu liki<sup>31</sup> alen. oc haya þau<sup>32</sup> manz houud oc manns rauft. þau skal<sup>33</sup> ala oc til kirliu zora. oc stira. [oc zoda sidan.<sup>34</sup> oc zora<sup>35</sup> a zunnð biscups. oc syna honum barnet. oc gera sidan<sup>36</sup> sem hann læggr rad til.

Um hærliki.<sup>37</sup>

- 6 En ez þat barn uerðr alet er hærliki er a. hezer ægi manz hozud oc ægi manz rauft. þa ma<sup>38</sup> zora til kirliu. ez syniz. oc lata prest<sup>39</sup> stira. ez hann uil. oc graza groz<sup>40</sup> i kirliu garde. [oc læggia þar barnet i.<sup>41</sup> oc læggia þar<sup>42</sup> iuir hællu. sem þazst. sua at huarle nae huundar ne raunar. oc lata<sup>43</sup> þo æi iord a falla. zyr en daut er oc lata lifa sua længi sem ma.

1) [mgl. B. 2) [þat b. [r — B. 3) ængin — B. 4) ædr uom — tilf. B. 5) .iiij. — Overskr. B. 6) No — B. 7) biscups — B. 8) .ij. — mgl. B. 9) [vill þeir æida stulu menn uannðer uera — B. 10) uili — B. 11) En ez hon uerðr — B. 12) brot — mgl. B. 13) biscup — B. 14) af lannd — tilf. B. 15) [þængilldi — B. 16) morðz — B. 17) Ingen Cap. Afd. — B. 18) No kan suu at — B. 19) stolz — tilf. B. 20) [stirar — B. 21) [ne — B. 22) [seigir — B. 23) stulu þau — tilf. B. 24) hitta — B. 25) stul — B. 26) sidan — B. 27) þau. — tilf. B. 28) I Pap. Afskr. (Arne M.s egenh.) No. 77. d. qv. i den arnamagn. Saml. er dette Ord læst: onft; i Pap. Afskr. I Cod. Reg. 1155. a. fol. otiti titi, ald. feilagtigt. 29) .iiij. — Overskr. B. 30) ædr — B. 31) æzgullegga — B. 32) hezuer þo — B. 33) þa stall þau — B. 34) [mgl. B. 35) sidan — tilf. B. 36) æpter þui — tilf. B. 37) Ingen Cap. Afd. — B. 38) þat — tilf. B. 39) late prest [ra of — B. 40) groz — mgl. B. 41) [mgl. B. 42) sidan — B. 43) late (her og næst adf.) — B.

*leggje over grava ei helle som best ein kan slik at korkje hundar eller ramnar kjem til, men ikkje la jord falle på barnet før det er daudt, og la det leve så lenge som det kan.*

Borna som er nemnde i kap. 5 har det ein kan kalle bakvendskapned, og det norrøne ordet bak forma *øukt (liki)* og *afgu (liki)* er adjektivet *øfugr* ('bakvend').<sup>2</sup> Ordet har truleg ikkje vore forståeleg for alle. Som det går fram av variantapparatet (*NgL* 1, 376), har eit handskrift i staden for *afgu liki* forma *afgudleggha*. Som vi skal sjå, kan misforståinga ha vore hjelpt fram av førestellingar som knytte seg til desse borna. Tolkinga av ordet *hærliki*, som karakteriserer borna som er nemnde i kap. 6, har vore usikker, men truleg kan ei samanlikning med liknande bestemmelsar i andre norske landskapslover kaste lys over innhaldet.

Born med "bakvendskapnad" skal førast til kyrkja og døypast og etterlatast der for å døy også etter Eldre Gulatingslov, kap. 21 (*NgL* 1, 12). Etter Eldre Frostatingslov, II, kap. 1 (*NgL* 1, 130) er kriteriet for at eit barn skal få dåpen at det har menneskehovud. Krav om menneskehovud for at barnet skal få dåpen, finst også i Eldre Eidsivatingslø, resensjon I, kap. 1 (*NgL* 1, 375). I Eldre Borgartingslov, kap. 1 i resensjon I og III (*NgL* 1, 340 og 363) er "bakvendskapnad" kombinert med andre lyte, nemleg at barnet har selluffar og hundehovud. Slike misdanningar fører til at barnet ikkje skal få dåpen, men røysast "der korkje folk eller fe går". Den staden slike born skal røysast, kallast *forve*. Det har vore diskutert om ordet skal normaliserast som *forve* eller *forvé*. Ebbe Hertzberg diskuterer ordet i glossariet til *Norges Gamle Love* (*NgL* 5, 204). Han avviser den eldre tolkinga av *forve* som 'flodmålet' og normaliserer ordet som *forvé*. Siste lekken i ordet, *vé*, tyder 'heilag stad', *for-* er nektande, og heile ordet tolkar han dermed som 'vanheilag stad'. Dette passar godt i konteksten i lova som (i normalisert form) avsluttar omtalen av staden med *Pat er forvé ins illa* ("det er den vondes vanheilage stad"). Borna med ekstreme misdanningar vert altså sette i samanheng med djevelen. Hundehovuda som desse borna har etter Borgartingslova, skulle ein helst tru er påverka av førestellingar om fabelmenneske med hundehovud, som vi veit var kjende også i Norden, men ei anna mogeleg tolking er at hundehovudet står som kjenneteikn på det djevleske. Ordet *hundr* kan i norrønt også brukast om djevelen.<sup>3</sup> Hundehovud treng då ikkje takast bokstaveleg, det er snakk om born med misdanningar som vekker mistanke om at dei er djevelens born. Dette kunne oppfattast bokstaveleg eller førestellinga kunne vere at borna var besette. I mellomalderen vekte dette redsle, også mellom Kyrkja sine menn.

Kva slags born er det så som er nemnde i kap. 6 i begge resensjonane av Eldre Eidsivatingslø? Desse borna har ikkje menneskehovud og ikkje menneskerøyst. Kva slags hovud og røyst dei har, er ikkje sagt, men det er sagt at dei har *hærliki*. Teksta i resensjon I har *hærliki* både i overskrifta og i teksta. Teksta i resensjon II

<sup>2</sup> I overskrifta står forma i akk.sg. nøytrum, i teksta i dat. sg. nøytrum. Variantane i handskriftene som ein finn i notane til *Norges gamle Love* I, s. 376, viser at ordet ikkje har vore heilt forståeleg for alle skrifvarar i seinmellomalderen.

<sup>3</sup> Sjå under oppslagsorda *hundr* og *hundlegr* i Johan Fritzner, 1973.

som er prenta i *NgL*, har *hærlíki* berre i teksta, men som noteapparatet viser, finst ordet både i overskrifta og i teksta også i denne resensjonen. Ordet er altså godt belagt i handskriftene, men tydinga har vore usikker.

Ei gamal tolking, som er hevda av Johan Fritzner, er at borna med *hærlíki* hadde hareskår.<sup>4</sup> I glossariet til *Norges Gamle Love* (*NgL* 5, 309) avviser Hertzberg denne tolkinga og hevdar at ordet *hærlíki* er ei mistyding av *færlíki/ferlíki* som han forstår som 'monstrøst udseende'. Ordet skal vere ei overføring frå angelsaksisk, og kunne difor lett verte misforstått av norske skrivarar. Det som talar mot denne tolkinga, er at *hærlíki* må ha gjeve meining for brukarane av lova sidan ordet har gått inn i teksttradisjonen, det er brukt fleire gonger, og forma er stabil. Det er difor naturleg å leite etter den meininga ordet gav i samtida.

Ein kan ikkje fastslå av sjølv ordet om vokalen i første lekken av *hærlíki* er *æ* eller *e* sidan *e* framfor *r* i mange norske handskrifter er gjengjeve som *æ*. Forma *hærlíki* kan altså stå for *herlíki*. Første lekken i ordet kan vere rotforma av *herr* som har den vanlege tydinga 'hær', 'folkemengd', men som i sverjingar, t.d., også har tydinga 'troll', 'djevlar'. Førstillinga som ligg bak ordet, kan altså vere meir eller mindre den same som den som knyter seg til dei vanskapte borna som skulle røysast på "den vondes vanheilage stad" etter lova i nabolovdømet. Born som ikkje har menneskehovud, som har hundehovud eller som har *herlíki* kan alt vere born som har misdanningar som har vekt mistanke om at dei er farlege. Ordet *herlíki* kan også gje assosiasjonar til førestellingar om byttingen, sidan *herr* tyder både 'troll' og 'djevlar'. Den umenneskelege røysta peikar òg mot byttingen. Truleg har førestellingane om byttingen og borna som tilhørde djevelen, glide over i kvarandre.

Kapittelet om borna med *herlíki* viser at det har vore vanskelege val både for foreldre og prest. Det ser ut for at vi er i ein gråsoner der det er opp til foreldra sitt skjønnsom barnet skal førast til kyrkje, det er vidare opp til presten sitt skjønnsom han vil døype. Dersom han vil døype, skal barnet leggjast i ei open grav på kyrkjegarden for å døye. Kva som skal gjerast dersom foreldra ikkje vil føre barnet til kyrkje, eller præsten ikkje vil døype, seier lova ingen ting om, men det fekk neppe leve opp.

I heiden tid var barneutbering tillate. Vanskapte born var sikkert ei gruppe som var særleg utsette for utbering. Kyrkja forbod barneutbering, men forbodet hadde, som vi ser, unntak. Det er rett nok presisert i fleire lover at misdanningane skal vere store før eit barn ikkje får leve opp. Men redsla for det djevelske kunne nok føre til at relativt små avvik vart rekna som store. Særleg born som var fødte med misdanningar i andletet og med syndrom som gav endra andletstrekk, stod i fare for å verte nekta livet. Det er også verdt å leggje merke til at kristenrettane i nokre tilfelle faktisk påbyd at vanskapte born – døypte eller udøypte – skal døye. For desse borna hadde forbodet mot bareutbering i kristenrettane liten verknad.

<sup>4</sup> Sjå under oppslagsordet *herlíki* i Johan Fritzner, 1973.

## Litteratur

Fritzner, Johan. 1973. *Ordbog over Det gamle norske Sprog*, fjerde utgave (Oslo etc.: Universitets-Forlag).

*Norges gamle Love indtil 1387*, bind 1, red. Rudolph Keyser og Peter A. Munch 1846 (Christiania: Gröndahl).

*Norges gamle Love indtil 1387*, bind 5, red. Gustav Storm og Ebbe Hertzberg 1895 (Christiania: Gröndahl).